



Advokatfullmektig Lise Onarheim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1052 - 14/3904

Saksbehandlar:  
Ingrid Moe  
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:  
21.03.2014

## Avvisning av klage Gnr. 51, bnr 60

**Administrativt vedtak. Saknr: 60/2014**

### Saksutgreiing:

Vi syner til e-post motteke 13.03.2014. Advokatfullmektig Lise Onarheim ber på vegne av Egil Landsvik om at Meland kommune gjer oppreisning på klagefrist jfr. Forvaltningslova § 31 første ledd bokstav b.

Følgjande særlege grunnar blir nemnd i e-posten:

- *Klager har bestrid at det som ligger fortøyd er en flyttebrygge, men en båt/flåte. Kommunen har ikke i vedtaket foretatt en vurdering av om det her foreligger en flytebrygge eller en flåte/båt.*
- *Kommunen har ikke formidlet hvilke tiltak Egil kan gjøre for at flåten/båten skal være lovlig.*
- *Egil er av den oppfatning av flåte og båt ikke er tiltak som er søknadspliktige etter Plan- og bygningsloven.*
- *Egil er opptatt av å holde seg innenfor lovlige rammer. Det vil derfor være fordelaktig både for Egil og kommunen å få avklart hva som vil være lovlig i dette tilfellet.*

### Grunngjeving for vedtak

Rettsleg utgangspunkt er at «[f]risten for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part» jfr. Forvaltningslova § 29 første ledd.

Vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt er datert 15.01.14. Med 3 veker klagefrist og postgang, gjekk klagefristen ut 10.02.14. Klagen er derfor sett fram over ein månad etter at fristen gjekk ut.

Spørsmålet er derfor om oppreisning for oversitting av fristen kan gis i medhald av fvl. § 31.

Forvaltningslova § 31 første ledd bokstav b opnar for å ta ei klage under handsaming sjølv om den er motteke etter frist for å klage er gått ut, når det fins «særlige grunner» som gjer det «rimelig at klagen blir prøvd».

Utgangspunktet for denne regelen er, i motsetnad til fvl. § 31 første ledd bokstav a, normalt at klagaren kan lastast for brot på frist. Det skal difor ikkje vere kurant å få oppreisning.

Uttrykket «særlige grunner» tilseier at det må påvisast nokre spesifiserte, klare grunnar som etter ei konkret vurdering gjer det rimeleg at klagen blir prøvt. Ordlyden tilseier òg at grunnane ikkje skal vere så generelle at dei kan visast til i mange saker.

Forarbeida til regelen Ot.prp. nr. 3 (1976-77) s. 92, nemner det tilhøvet at klagen handlar om rettsbruken som døme på «særlige grunner» som kan grunnge oppreisning. Det er vist til at det kan vere lite rimeleg å avvise ei slik klage fordi «rettsspørsmålet ikke derved bringes ut av verden».

Det går fram av juridisk litteratur at fleire tilhøve kan vere relevante og at det må gjerast ei konkret vurdering av omstenda i den einskilde saka, sjå Woxholth, Forvaltningsloven med kommentarer (5. utg. 2011) s. 536:

«Et hensyn som kan tale for oppreisning etter dette alternativet, er at saken er av særskilt stor betydning for klageren, eller at den reiser et prinsippsspørsmål som også forvaltningen er tjent med at det blir tatt stilling til. Det kan særlig være aktuelt om klagen ikke bare angår skjønnsutøvelsen, men spesielt rettsanvendelsen. Synes realitetsavgjørelsen som er truffet av underinstansen tvilsom rettslig sett, er det også et moment som taler for oppreisning.»

Det er viktig av omsyn til effektivitet og ressursbruk både for private partar og forvaltningen at fristane blir overhalde. Og omsynet til mellom anna innretting, føresetnader og tillit til forvaltningsvedtak tilseier at det ikkje skal vere kurant å få oppreisning for å ha oversete ein klagefrist. For at klagefristane ikkje skal undergravast i sakskategoriar der det generelt kan påvisast sterke, offentlege interesser, må grunnane som talar for oppreisning av klagefrist heller ikkje vere så generelle at dei kan gjerast gjeldande for dei fleste tilsvarande saker.

Vedtaket i denne saka gjeld pålegg om retting av ulovleg oppført flytebryggje, og pålegg om ilegging av tvangsmulkt. Meland kommune er fast bestemt på at flytebrygga krev søknad jfr. Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a.

Dei grunnar som klagar visar til vert vurdert å vere av generell karakter, og dei gjev ikkje svar på kvifor klagen ikkje er sendt inn innan fristen. Meland kommune vurderer i tillegg at oversittinga av fristen er betydelig.

Vi meiner at parten kan lastast for at fristen ikkje blei halden, og ein kan ikkje sjå at det finst særlege grunnar til at klagen blir prøvd.

Meland kommune har avgjort å avvise handsaming av klagen fordi klagefristen er gått ut. Vi kan ikkje sjå at det fins feil ved vedtaket som gjev grunnlag for ei omgjering jfr. Fvl. § 35 c, der det følgjer at eit forvaltningsorgan kan «omgjøre sitt eget vedtak utan at det er påklaget dersom vedtaket må anses ugyldig».

## **Vedtak**

Klage motteke 13.03.2014 vert avvist, jfr. Fvl § 33 2. ledd jfr. Fvl. § 29 1. ledd

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe  
byggjesakskonsulent/jurist

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Egil Landsvik

Landsvik 99

5917

ROSSLAND

**Mottakere:**

Advokatfullmektig Lise Onarheim